



Alpinkomiteen@

Sakshand.: PAF/ IN

Dato: 06.06.2019

Arkivk.: ak/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 01 I ALPINKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Torsdag 06. juni 2019, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 02 19-21 Konstituering av Alpinkomiteen 2019-2021

SAK 03 19-21 Handlingsplan 2019-2021

SAK 04 19-21 Rammer for sportsleg opplegg 2019-2020

RAPPORTERING

SAK 05 19-21 Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019

EVENTUELT

TIL STADES: Per Asbjørn Felde, Magne Hofslundsengen, Roger Ellingsund, Nina Munthe Olsen, Peder Felde, Erik Solheim og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 02 19-21 Konstituering av Alpinkomiteen 2019-2021 Bakgrunn

Arbeidsfordeling og val til følgjande funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem til anleggskomiteen
- Sportsleg ansvarleg
- Økonomi/sponsor ansvarleg
- Utdanning/ utvikling ansvarleg
- Rekruttering ansvarleg
- Terminliste ansvarleg
- etc.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Nestleiar: Roger Ellingsund
- Medlem til anleggskomiteen: Nina Munthe Olsen
- Sportsleg ansvarleg: Roger Ellingsund og Peder Felde
- Økonomi/sponsor ansvarleg: Erik Solheim
- Utdanning/ utvikling ansvarleg: Nina Munthe Olsen
- Rekruttering ansvarleg: Erik Solheim
- Terminliste ansvarleg: Magne Hofslundsengen

SAK 03 19-21 Handlingsplan 2019-2021 Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 04 19-21 Rammer for sportsleg opplegg 2019-2020 Bakgrunn

I samband med Vår møtet 2019 vart rammer for sportsleg opplegg sesongen 2019-2020 lagt fram.

Komiteen drøfta følgjande punkt i møtet:

- Samlingsplan
- Barmarkssamlingar
- Gruppeinndeling, pakkar (rammer for pris i pakken/ utanfor pakken / ved for sein påmelding osv.)

- Praktisk organisering av samlingar; samkøyring/ leigebil, utstyr, planlegging og info i forkant
- Ved for sein påmelding; kva skal vere gjeldande
- Førespurnad frå Fana/ Hordaland ang. medtrening på krins-opplegget. Kva premissar skal vi legge her?
- Oppdragsbaserte arbeidsavtalar med trenarar
- Økonomiske rammer

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering og gjer følgjande vedtak:

- prøve ut nytt opplegg denne sesongen og avvente førespurnad om medtrening frå Fana (held fram med samarbeid om fartssamling på Ål i januar)
- barmarkstrening ved Førde IL Alpin + ei samling på Sandane
- informasjon i framkant av samlingar

Vidare følgjer sportsleg ansvarlege i komiteen opp aktuelle punkt med krintrenar.

RAPPORTERING

SAK 05 19-21

Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Per Asbjørn Felde (s)
Leiar AK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef